



ØRSKOG KOMMUNE

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I ØRSKOG KOMMUNE

1. EIGAR

Ørskog kommune eig og driv ein barnehage, Årøyhaugen barnehage. Barnehagen har einingsleiar som er direkte lagt under rådmannen på administrasjonsnivå.

2. DRIFT

Barnehagen vert driven i samsvar med Lov om barnehagar. Barnehagen skal rette seg etter Rammeplan for barnehagar, kommunale vedtak og dei forskrifter og retningslinjer som til ei kvar tid vert fastsette av sentrale myndigheiter.

Barnehagen har eit samarbeidsutval samansett av 2 representantar for foreldre og 2 frå personalet. Eigar er representert med 1 medlem valt av kommunestyret for fire år om gongen.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Barnehageeigar skal syte for at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

3. FORMÅL OG INNHOLD

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jfr Lov om barnehagar § 1 Formål.

Innhald og aktivitetar er regulert av Rammeplan for barnehagen, samt eininga og barnehagane sine plandokument, jfr Lov om barnehagar § 2 Barnehagens innhald.

4. OPNINGSTIDER

Barnehageåret er frå 1.august til 31.juli.

Barnehagen held stengt:

- Om sommaren to siste vekene juli.
- 5 planleggingsdagar pr. år ,jfr skule/SFO/barnehageruta for Ørskog.
- 24.og 31. desember
- Onsdag i påskeveka

Barna skal ha minst 4 veker ferie i løpet av eit barnehageår, der 3 av vekene skal vere samanhengande. Barna har då 1 veke ferie som kan velgjast fritt i løpet av barnehageåret. Denne ferieveka må avtalast skriftleg med styrar i den enkelte barnehage minst 14 dagar på førehand.

Barnehagen har ope i romjula og to dagar i påskeveka dersom det er behov for det, - og skal etter kartlegging gje eit tilbod dersom det er minimum åtte barn som er påmelde.

Dagleg opningstid er i utgangspunktet 07.00-16.30. Ved behov kan barnehagane halde ope 06.45-16.45.

Ved oppstart av nytt barnehageår skal det gjerast ei kartlegging, der ein spør foreldra etter kva deira faste behov for opningstider er. Dersom fleire enn fem barn har behov for utvida opningstid, skal det leggest til rette for det. Alle vekedagane treng ikkje vere like, og bemanninga skal dekke det talet på barn som har meldt eit behov.

Å ikkje respektere vedtekne opningstider og hente barna i tide, er å sjå på som brot på vedtektene, jfr. pkt 12.

Det vert krevd eit gebyr på 300,- kr pr gang, dersom barnet/barna vert henta for seint meir enn tre gonger.

Gebyret skal dekke kommunen sine meirutgifter med tilsyn ut over normal opningstid.

Ørskog kommune anbefalar maks 9 timar opphaldstid pr. dag utifrå omsynet til barna, - særleg dei yngste.

5. OPPTAK

Opptak av barn er regulert av Lov om barnehagar §12 og forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage. Kommunen er ansvarleg for eit samordna opptak for kommunale og ikkje-kommunale barnehagar. Hovudopptaket har i regelen søknadsfrist 1.mars.

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema, som ein finn på

<https://orskog.ist-asp.com/NO01523-pub/login.htm>.

Dei som ikkje har tilgang til det, må ta kontakt med ein av barnehagane eller Sørviskontoret i Ørskog kommune. Søknadsfrist skal kunngjerast ved annonsering i lokalpressa. Om barnehagen får ledige plassar, vert det gjort supplerande opptak gjennom året.

Barnehagane i Ørskog tilbyr følgjande plassar:

Tredagers plass

Firedagers plass

Femdagers plass

Hovudregelen er at eit barn som har fast plass og ønskjer å halde fram i den same barnehagen, skal få det.

Ei arbeidsgruppe samansett av styrarane i barnehagane gjer vedtak om opptak. Ved tildeling av plassar skal det haldast av eit høveleg antal varaplassar, fastsett av arbeidsgruppa, slik at eventuelle klager som fører fram ikkje berører dei som fekk plass ved den første tildelinga.

Søklarane kan ønskje fridag(ar) og arbeidsgruppa skal forsøke å imøtekomme flest mogleg av dei.

Formannskapet er klageinstans.

Kjøp av dagplass: Dei føresette som har redusert plass for barn i barnehagen, kan kjøpe dagplass dersom det er ledig kapasitet på enkelte dagar.

6. OPPTAKSKRITERIER

I følgje Barnehagelova § 12 a, har alle barn som fyller 1 år innan 1. september rett til barnehageplass. Barn har rett til plass i den kommunen dei er busette, og regnast som busette i den kommunen dei har bustadadresse.

Kommunen har ansvaret for at barn med rett til plass vert prioriterte ved opptak i barnehage. Plassane vert tildelte i slik prioritert rekkefølge: Etter fødselsdato; - dei eldste først.

1. Barn med nedsatt funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd
Ei sakkunnig vurdering er grunnlaget for å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne.
2. Barn frå familiar med store belastningar på grunn av sjukdom, funksjonshemming eller anna, hos føresette eller søsken.
3. Barn som har 1 år igjen til skulestart
4. Barn som går i barnehage og ønskjer endra plass
5. Barn som har søsken i barnehagen og som har rett til plass etter barnehagelova
6. Barn som ønskjer overflytting frå anna barnehage

7. OPPSEIING OG REGULERING AV BARNEHAGETILBOD

Plass i barnehagen må seiast opp skriftleg av foreldre/føresette.

Oppseiingstid er 1 måned, rekna frå den 1. i etterfølgjande måned. Dette medfører at dersom eit barn skal slutte i barnehagen i løpet av barnehageåret, må skriftleg oppseiing meldast til barnehagen innan den 1. i månaden før. Det må betalast i oppseiingstida sjølv om plassen ikkje vert nytta.

Dersom plassen vert sagt opp etter 1.april, må det betalast ut barnehageåret, dersom barnehagen ikkje får fylt opp plassen.

8. FORELDREBETALING

Staten sin maksimalpris for foreldrebetaling gjeld i kommunen sine barnehagar og følgjer kalenderåret.

Betaling for kost kjem i tillegg og satsane følgjer også kalenderåret.

Det vert krevd opphaldsbetaling for 11 månader per år.

Det vert ikkje gitt fråtrekk for fråver eller for dagar der barnehagen er stengd.

Det vert gitt 30% søskenmoderasjon for 2. barn i ein søskenflokk. For 3. og evt. fleire barn vert det gitt 50% moderasjon ,jmf. Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar.

Søskenmoderasjon vert også gitt der søsken går i forskjellige barnehagar innan kommunen.

Manglande betaling er å sjå på som brot på vedtektene og oppseiing av plassen kan verte vurdert, jfr pkt 12.

9. INTERNKONTROLL

Barnehagen skal til ei kvar tid forhalde seg til gjeldande forskrift om internkontroll. Internkontroll er ivarettatt gjennom eigar sitt kvalitets-system, KF kvalitet.

Barnehage skal ha egne rutiner for å hindre at barn vert utsett for ulukke i barnehagetida.

10. TEIEPLIKT

Tilsette, medlemmane i barnehagen sitt samarbeidsutval og personar under opplæring har teieplikt i h.h.t. barnehagelova § 20, og skal signere på kommunen sine retningslinjer for personopplysningar.

11. OPPLYSINGSPLIKT

Barnehagepersonalet har opplysningsplikt til barneverntenesta og sosialtenesta i jfr. barnehagelova §§21-22.

12. BROT PÅ VEDTEKTER

Foreldre/føresette må rette seg etter dei vedtekter som gjeld for barnehagane i kommunen. Ved brot på vedtektene kan ein illeggast eit gebyr, jfr pkt 4 og oppseiing av plass kan bli vurdert, jfr. pkt 8.

13. AREALUTNYTTING

Rettleiande norm for leike og opphaldsareal pr barn over 3 år skal vere 4 kvm. For barn under 3 år skal det reknast 5,3 kvm.

Arealutnytting i dei kommunale barnehagane skal ikkje avvike vesentleg frå den rettleiande norma.

14. BEMANNING

Ørskog kommune fylgjer rettleiande norm for pedagogisk bemanning, og elles ei grunnbemanning på 3 tilsette pr. 18 plassar.

15. FORSIKRING

Barnehagen/kommunen har ansvar for barnet den tida det oppheld seg i barnehagen.

Barnet er forsikra mot ulukke/ulukkesskade på veg til og frå barnehagen, innanfor barnehageområdet i opphaldstida, og på turar som vert arrangert av barnehagen. Eignelutar som brillar, kle og anna er ikkje forsikra. Ved oppstart av nytt barnehageår skal foreldra få kopi av forsikringsvilkåra. Desse skal også vere å finne på barnehagen og kommunen sine heimesider.

Vedteken i Ørskog tenesteutval 06.06.2016, sak 27/16.